

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
v/ Guro Eidskrem Gjenstad
6404 Molde

Stranda, 13.07.16

Søknad om utsleppsløyve ved Langlo AS

Eg viser til brev av 10.08.2015 med Dykkar referanse: 2015/4608/GUGJ/562, og oversender med dette søknad om utsleppsløyve til brenning av trevirke.

Fyranlegget:

[Peder Halvorsen](#) fyrkjele med maks kapasitet på 814 kwh/h, denne står på ein [Justsen](#) fyrpanne. Skorsteinen er 17 m høg ifrå bakkenivå. På kartet som viser bygningsmassen til Langlo AS, på Svemorka industriområde, med gnr. 27 og bnr.52 og dei nærliggande bebygde område, viser at nærmaste bygning (bustadhus og industri) ligg om lag 170 m unna.

Kva vert brennd:

I vår produksjon vert det mest brukt plater av spon, mdf og kryssfiner. Også heitre (ubehandla trevirke) inngår i produksjonen. Mengda av dette er om lag 15 – 20% av det totale som vert bendt. Trevirke som er lakka eller måla vert ikkje knust eller tilverka med sponskjerande verktøy, og vert soleis ikkje brennd. Alt avkast av trevirke som vi ikkje har bruk for med omsyn til oppvarming, vert levert til Stranda gjenvinning og transport AS.

Det vert søkt om løyve til å brenne inntil 500 tonn trevirke årleg. Då det ikkje har lukkast å få til avtale om målingar av utsleppet denne fyringssesongen, har SINTEF Molab gjennomført utrekningar med modellen CALPUFF. SINTEF Molab vil gjennom fyringssesongen 2016 / 2017 gjennomføre desse målingane.

Eg vil elles vise til rapporten ifrå SINTEF Molab vedlegg 7

Beste helsing

Jack Kjølås
Teknisk sjef
tlf.: (+47) 97 16 40 94
Langlo AS, Svemorka, 6200 Stranda - www.langlo.no



17 vedlegg